



Notat

Dato
LEIKANGER, 27.01.2017

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 1. februar 2017

Tilleggsnotat til FU-sak 13/17 og FT-sak 2/17; «Budsjett 2017/ økonomiplan 2017-2020 – tillegg til FT-sak 51/14»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i oppdragsbrev, datert 23.01.17, tildelt fylkeskommunen 77,36 mill. kr i regionale utviklingsmidlar (KMD-midlar). Med dette tilskotet får vi ein auke på 19,35 mill. kr i høve rammene i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

Fylkesrådmannen vil tilrå at auken vert tilført programområde 701 Tilrettelegging, støttefunksjonar og finansieringsbistand for næringslivet. Vidare vert det tilrådd at auken i KMD-midlar berre vert innarbeidd for budsjettåret 2017. Regionale utviklingsmidlar er ei løyving som varierer frå år til år, og det er relativt stor usikkerheit kring løyvingsnivået i økonomiplanperioden. Som følgje av dette vert økonomiplanrammene, slik dei vart vedtekne i desember 2016, styrande fram til framlegg til statsbudsjett 2018. Det er først då vi får nye signal frå regjeringa om nivået på KMD-midlar.

Auken i KMD midlar på 19,35 mill. kr er eit bra stort beløp, og vesentleg over det innsparingskravet på 6,5 mill. kr som vart lagt på sektoren som følgje av framlegg til statsbudsjett. I staden for ein reduksjon i tildelte KMD-midlar viser oppdragsbrevet auka satsing på distrikts- og regionalpolitikk for fylket vårt, noko som er gledeleg. Med denne auken vert innsparingskravet reversert samt at ramma til næring og kultur vert styrka.

Då det er kort tid sidan fylkesrådmannen fekk kjennskap til den auka løyvinga, har det ikkje vore mogleg å gjere naudsynne vurderingar kring fordeling av midlane på dei ulike tenestene innan programområde 701. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at hovudutvalet for næring og kultur, i tråd med gjeldande budsjettreglement, prioriterer og fordeler midlane på tenestenivå.

Som ein konsekvens av dette tilleggsnotatet vil fylkesrådmannen gjere følgjande endringar i si tilråding i ovannemnde sak:

Nytt punkt 9: Regionale utviklingmidlar vert auka med 19,350 mill. kr i 2017.

Nytt punkt 10: Programområde 701 Tilrettelegging, støttefunksjonar og finansieringsbistand for næringslivet vert auka med 19,350 mill. kr i 2017. Hovudutvalet for næring og kultur skal i tråd med gjeldande budsjettreglement fordele midlane på tenestenivå.

Punkt 9 vert nytt punkt 11.

Nytt punkt 12: Som ein konsekvens av vedtakspunkta 1-11 over vert dei økonomiske driftsrammene i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 slik:

Økonomiske rammer	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
Fellesinntekter og -utgifter - netto	-2 282,513	-2 246,078	-2 221,597	-2 149,660
Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	174,678	166,100	165,701	165,053
Opplæring	850,302	836,569	820,587	815,904
Tannhelsetenesta	81,531	78,786	78,786	78,786
Næringer og kultur	170,919	144,309	143,909	143,909
Samferdsle	1 005,083	1 020,314	1 012,614	946,008
Sum sektorrammer	2 282,513	2 246,078	2 221,597	2 149,660